



Saksframlegg

Vår ref. 23/1645 - 4
Saksbehandler Siv Ragnhild Bjerga
Dato 09.11.2023

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
23/99	Formannskapet	16.11.2023

Budsjett 2024 og handlings- og økonomiplan 2024-2027

Forslag til vedtak

1. Ein økonomiplan i balanse med dei inntekter og utgifter som framgår av bevilgningsoversikt § 5-6 - drift i budsjett 2024 og handlings- og økonomiplan 2024-2027.
2. Rammer fordelt til dei ulike tenesteområda slik det går fram av bevilgningsoversikt § 5-4 Bevilgningar - drift.
3. Investeringar i tråd med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt - investering.
4. Låneopptak i tråd med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt - investering, på inntil 49,623 mill. kroner, jf kommunelova § 14-15, med avdragstid på 30 år.
5. Lån til utlån, gjennom Husbanken si ordning for formidlingslån med 2 mill. kroner, avdragstid på inntil 30 år.
6. Endring i gebyr- og betalingsattsar slik det framgår av "Priser og gebyrer - Budsjett 2024" i vedlegg.
7. Ved utskriving av formuesskatt og inntektsskatt - skattøre - for personlege skattytarar og andre skattytarar skal det for 2024 nyttast maksimal skattesats slik desse vert fastsette av Stortinget.
8. Eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, 1. ledd bokstad c på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum vert skrive ut innafør kommunen sine grenser. Skattesatsen i høve § 11 på 7 promille av takstverde vert nytta. Det skal nyttast maksimale sattsar.
9. Eigedomsskatten skal ytast i to terminar årleg, jf Eskl. § 25, 1. ledd.

Sammendrag

Budsjett for 2024 vert lagt fram med eit mindreforbruk på 20,609 mill. kroner og med eit negativt netto driftsresultat på 2,365 mill. kroner som utgjør minus 0,5 %. Økonomiplanen er i balanse. Obligatoriske oppstillingar for drift og investeringar, slik det går fram av § 5-4 til §5-7 i forskrift, følgjer som vedlegg

Bakgrunn

Det følger av § 14-3 at økonomiplan for dei neste fira åra og årsbudsjettet for det komande året skal vedtas før årsskiftet

Hjemmelsbakgrunn/Plangrunnlag

Kommunestyret skal, etter § 14-2 bokstav a, vedta økonomiplan og årsbudsjett.

Det følger av § 14-3 at økonomiplan for dei neste fira åra og årsbudsjettet for det komande året skal vedtas før årsskiftet.

Obligatoriske oppstillingar for drift og investering, slik det går fram av § 4-5 til 5-7 i forskrift følger av dokumentet som ligg ved.

Vurdering

Budsjett 2024 vert lagt fram med eit mindreforbruk på 20,609 mill. kroner og med eit negativt netto driftsresultat på 2,365 mill. kroner som utgjør minus 0,5 %. Økonomiplanen er i balanse. Eit negativt netto driftsresultat for 2024 har si årsak i vedtak om tilskott på 35 mill. kroner til finansiering/utbetring av fv 42 Gåshellertunellen - Valevika. Finansiering skjer over driftsbudsjettet, men ved bruk av disposisjonsfond. Dette har direkte verknad på netto driftsresultat og svekkar dette. Ein annan faktor som har negativ innverknad er høge pensjonskostnadar i budsjettet for 2024 som følgje av årleg amortisering av premieavvik.

Eit stabil og solid bærekraftig økonomi er eit viktig fundament for å møte dei økonomiske utfordringar som kan koma sett i høve til svingningar i både inntekter og utgifter i tida som kjem. Sirdal kommune har ein stabil god økonomi, med eit solid disposisjonsfond, og situasjonen er den at økonomien styrkes ytterlegare i økonomiplanperioden. Den økonomiplanen som legges fram bærer preg av å halda driftsrammene uendra, berre justert for større endringar i drift og lønsvekst og auke i pensjonskostnadar, då dette er ytre tilhøve som også er kompensert for i frie inntekter som rammetilskott og skatt. Dei økonomiske ressursane må kommunen forvalta på ein slik måte at den sikrar langsiktig økonomisk stabilitet. I dette ligger å ha eit tenestenivå som er bærekraftig over tid i høve til dei økonomiske rammer.

Inntekter, gjennom gebyrer- og brukarbetaling, er i mindre grad auka.

Obligatoriske oppstillingar om årsbudsjett og økonomiplan syner utvikling i økonomiplanperioden.

Konklusjon

Budsjett for 2024 vert lagt fram med eit mindreforbruk på 20,609 mill. kroner og med eit negativt netto driftsresultat på 2,365 mill. kroner som utgjør minus 0,5 %. Økonomiplanen er i balanse. Obligatoriske oppstillingar for drift og investeringar, slik det går fram av § 5-4 til §5-7 i forskrift, følgjer som vedlegg.

